

Frivilligsentralen i Lindås
Rådhuset
5914 ISDALSTØ



Dykkar ref

Vår ref

12/3272

Dato

10.01.2013

Frivilligsentralen i Lindås - statstilskot 2013 - tilskotsbrev

Vi viser til mottatt søknad og rapport.

1. TILSKOT FOR 2013

Kulturdepartementet tildelet med dette frivilligsentralen eit tilskot for 2013 på kr 310000. Tilskotet er løyvd under kap. 315, post 71, jf. Prop. 1 S (2012-2013) for Kulturdepartementet.

Formålet med tilskotet er å stimulere til auka frivillig deltaking, bidra til å skape lokale møteplassar og legge til rette for samarbeid og samhandling for lokal frivillig verksemد. Frivilligsentralane skal vere opne og inkluderande for alle med lyst til å delta og legge til rette for eit mangfald av aktivitetar ut i frå dei lokale føresetnadane.

Statstilskotet skal nyttast til å dekkje deler av utgiftene til løn for dagleg leiar av frivilligsentralen. Føresetnadene for storleiken på tilskotet er at sentralen har ein dagleg leiar i 100 pst. stilling, og at det er minimum 40 pst. lokal finansiering ut over statstilskotet, jf. opplysningar i søknad.

Tilskotet skal disponerast i samsvar med dei formål og føresetnader og dei krav til økonomiforvaltning, kontroll og rapportering som går fram av dette brevet.

Statstilskotet vil bli utbetalt samla til konto nr. 1503 22 54567.

Det skal avleggjast rapport, jf. pkt. 3 nedanfor.

2. ØKONOMIFORVALTNING OG KONTROLL

Kulturdepartementet legg til grunn at frivilligsentralen gjennom heile året har oversikt over den økonomiske situasjonen slik at forholdet mellom budsjetterte og faktiske utgifter og inntekter til ei kvar tid er under kontroll. Frivilligsentralens styre/leiing plikter å varsle departementet umiddelbart dersom det vert vesentlege avvik i premissane som ligg til grunn for berekninga av tilskotsbeløpet.

Det skal kome tydeleg fram av årsrekneskap korleis løn til daglig leiar vert finansiert, med ein spesifisert oversikt over lokal finansiering ut over statstilskotet. Årsrekneskap skal vere underteikna av frivilligsentralens styre/leiing. Rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden, skal vere tilgjengeleg for kontroll. Frivilligsentralens styre/leiing er ansvarleg for å sikre at desse opplysningane vert oppbevart på ein forsvarleg måte.

Departementet viser til det generelle pålegget Stortinget har gitt forvaltinga om å føre kontroll med tilskot til "offentlig eller privat virksomhet som ellers ikke er undergitt statlig kontroll", jf. § 10 2.ledd i løyvingsreglementet som Stortinget har vedteke.

Dersom det i ettertid viser seg at det er vesentlege avvik i forhold til dei premissane som ligg til grunn for tilskotet, eller at tilskotet ikkje er nytta til det gitte formålet, kan departementet krevje heile eller delar av tilskotet tilbakebetalt. Dersom frivilligsentralen har motteke tilskot på grunnlag av urette opplysningar, kan dette i særlege tilfelle råkast av føresegne i straffelova §§ 270-271.

3. KRAV TIL RAPPORT FOR 2013


Frivilligsentralen må utarbeide rapport om aktiviteten i 2013. Rapporten skal innehalde:

- opplysningar frå årsrekneskap i samsvar med dei føresetnadane som vert trekt opp i dette brevet
- kort omtale av aktivitet i samsvar med dei formåla og føresetnadene som går fram av dette brevet
- kort omtale av gjennomførte aktivitetar i arbeidet for inkludering og mangfold

Rapporten skal sendast til departementet saman med søknad for 2015. Skjema som skal brukast vil bli gjort tilgjengeleg på nettsidene til Kulturdepartementet.

Vi minner om at frist for å sende inn skjema for søknad 2014 og rapport 2012 er 30. juni 2013.

Med helsing


Lars Audun Granly (e.f.)
ekspedisjonssjef


Håvard Bjerke
seniorrådgjevar